



Dei fire polakkane som er i arbeid i andre høgda på SPAR-butikken og som får sterk ros av sjefen: Frå venstre står Tadeusz Stupak, Waldemar Wownosek, Jan Kye og Jerzy Fraczek. Dei er alle frå byen Rzeszow, som ligg 15 mil aust for Krakow. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arbeidet med dei fem leilegheitene oppå SPAR-butikken ligg foran planen, opplyser Frode Bu til uskedalen.no.**

Planen seier at prosjektet, som vart starta først i april, skal vera fullført til 1. oktober, men no ligg dei eitpar veker foran. Difor rekner Bu med at husværa skal vera innflyttingsklare midt i september.

Norgeshus Byggpartner Kvinnherad står for innreiinga på oppdrag frå Nilsen Eigedom, som satsar på utleige. Dei tre leilegheitene på austsida er på 87 kvadratmeter medan dei to på andre sida er på 110 kvadratmeter. Alle får hems og Frode Bu slår fast at dei har høg standard.

Andre høgda i butikkbygget har stått tom og unytta sidan utvidinga fann stad i i 2002. Eigentleg var meininga at dei fem bustadane skulle vera ferdige i fjor sommar, men av ymse grunnar skjedde ikkje det. Ein grunn var sein sakhandsamingstid i kommunen, ein annan at byggherren ikkje satsa på forsering av prosjektet.

- Kva er grunnen til at arbeidet ligg foran planen, Frode Bu?  
 - Rett og slett at eg har flinke folk til å ta seg av jobben. Dei fire som er i arbeid her er alle polakkar. Nyleg har dei vore heime på ferie i fem veker, men likevel ligg dei altså så godt an. Polakkane har no vore i teneste for meg i eitt års tid og er er svært godt fornøgd, seier Bu, som også fleire prosjekt under førebuing i bygda.

Når det gjeld utleige-situasjonen seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no at dei enno ikkje har vore spesielt aktive med marknadsføringa. Men mange har teke kontakt og det er ikkje tvil om at marknaden for utleige i Uskedalen for tida er god. Ikkje minst har det vore kontakt med aktuelle firma, men det er enno ikkje skreve under nokre kontraktar. Eit avgjerande spørsmål er om utleiga skal skje møblert eller umøblert.

- Det gunstigste er at ein ligg litt på veret til husværa er ferdige slik at dei aktuelle leigetakarane kan koma inn og sjå, seier Bente Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen



Midt i neste månad skal dei fem leilegheitene oppå SPAR-butikken vera ferdige. (Foto: Ola Matti Mathisen)